



Anna Ulrika Nordlund
Mykingvegen 272
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1136 - 18/15197

Saksbehandlar:
Dina Dyrhovden
dina.dyrhovden@lindas.kommune.no

Dato:
09.05.2018

Referat frå møte i Kommunalt foreldreutval 08.05.18

Møtet fann stad på Rådhuset.

Desse møtte: Anna Ulrika Nordlund, Arne Rudolf Ramslien, Benedicte Rakel Rikstad, Eilen Korneliussen, Ingrid Hindenes, Isabell Anthonissen Hansen, Kristin Tredal, Stein Juan Carlos Lopez Fyllingsnes, Tore Gjerstad, Ingrid Hindenes, Anna Ulrika Nordlund, Benedicte Rakel Rikstad og Dina Dyrhovden.

Marit Midtgaard (Juvikstølen barnehage) og einingsleiar Mona Chatlin Hagewick møtte på sak 3.

Meldt forfall: Isabell Hansen, Kristin Tredal, Arne Rudolf Ramslien, Stein Juan Carlos Lopez Fyllingsnes. Tore Gjerstad møtte ikkje.

Sak 20/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Einstemmig vedtak: *Innkalling og sakliste vart godkjent.*

Sak 21/18 Godkjenning av referat frå møte 20.03.18

Einstemmig vedtak: *Referat frå møte 20.03.18 vart godkjent.*

Sak 21/18 Bemanning i barnehagane



Til denne saka møtte Marit Midtgaard frå Juvikstølen barnehage og einingsleiar Mona Chatlin Hagewick.

Juvikstølen og Kolås barnehage hadde meldt inn sak til KFU. Sakene var sendt ut til medlemmane saman med innkalling.

Marit Midtgaard orienterte om saka. Det er positivt med ny pedagognorm og fleire pedagogar for auka kvalitet. Men, grunna planleggingstid/ubunden tid som pedagogen har, fører dette til færre vaksne tilstades i løpet av dagen. Det vert vist til at Radøy kommune har sett inn assent i pedagogen si planleggingtid.

Einingsleiar Mona Hagewick orienterte. Pedagogane si plantid utgjer 1,9 årsverk i dei kommunale barnehagane. Ein slik auke vil ha ein kostnad på ca 1 million for dei kommunale barnehagane. Tilskot til dei private barnehagane byggjer på Lindås kommune sine utgifter. Med ein auke i bemanninga i kommunale barnehagar vil også bety auka tilskot til dei private barnehagane. Reell kostnad for ein slik auke vil då bli 4 millioner. Einingsleiar orienterte om at ein har drøfta administrativt.

KFU og administrasjonen drøfta saka. Stikkord frå drøftinga:

- Bemanninga i dei ulike barnehagane varierer. Private barnehagar vurderer sjølv korleis tilskot skal disponerast.
- Konsekvensar av få vaksne tilstades.
- Organisering: Slå saman avdelingar når det er få vaksne tilstades.
- Foreldreaksjon i heile landet.
- Høgt sjukefråver.

Einstemmig vedtak:

Kommunalt foreldreutval bed om at Lindås kommune aukar bemanninga i barnehagane for å kompensere for ubunden tid hjå pedagog. Kommunalt foreldreutval bed om å bli orientert om prosessen og evt vedtak i saka.

Sak 22/18 Årsmøte i KFU

Dag/dato/stad: Tysdag 11.09.18 kl 1830-2030 i kantina i NH-hallen.

- Sakliste vart godkjent og vert sendt ut til FAU i alle barnehagar og skular.
- Det er behov for å justere vedtektene i høve til vararepresentantar til KFU.

- Informasjon om nominasjon og val vert sendt ut til FAU i alle barnehagar og skular. Vurdere behov for å presisere kva skuler og barnehagar som høyrer til kvar krins.
- Aktuelt tema: 1 time fysisk aktivitet om dagen – Leiar i KFU gjer avtale med innleiar. Planlegg innlegg med høve til spørsmål/dialog frå 19.30-20.30.

Vidare arbeid: Leiar gjer avtale med innleiar. Skrivar førebur informasjon og sender ut til barnahage og skular.

Sak 23/18 Oppfølging av saker frå sist møte

- Uttale frå KFU – *Bruk av mobiltelefon i skuletida*. Er under arbeid. Ungdomspanelet på temamøte 07.05.18 etterlyser felles reglar for skulane i kommunen. **Leiar** ferdigstiller og sender til medlemmane i KFU til godkjenning før utsending.
- Brev frå KFU til skulane – *Tilrettelegging for måltid*. Oppmoding frå KFU er under utarbeiding. **Leiar** sender til medlemmane til godkjenning før utsending.
- Brev frå FAU/SU ved Knarvik ungdomsskule til politisk om *PC-dekking*. **Leiar** tek dette med og utformar ein uttale frå KFU om at det må vere god PC-dekking på skulane.
- *1 time fysisk aktivitet om dagen*: Korleis er status i Lindås kommune på dette området? KFU ynskjer dialog med einingsleiar Ragna Midtbø om saka i neste møte. Sak på neste møte.
- *Symjeundervisinga*: Arbeidet med oppfølging av symjeundervising er i gang. Det vert gitt tilbod til 3. klasse ved dei skulane som har hatt minst symjeundervising. Det er under arbeid tilbod om symjeundervising for ulike grupper i dei 2 første vekene i sommarferien. KFU vil uttale seg om investeringar i basseng når investeringsbudsjettet er mogeleg å påverke.
- *Val av antimobbeprogram*: Leiar i KFU etterlyste framdrift i dette. Administrasjonen orienterte i møte 06.02.18 om at det er under etablering eit Læringsmiljøprosjekt som er eit fellesprosjekt inn mot Alver kommune. Ein av leveransane i dette prosjektet vert å kome med ei anbefaling på program.

Sak 24/18 Temakveld om mobbing – NH-Hallen 07.05.18

KFU var oppmoda om å delta. Dina Dyrhovden orienterte frå temamøtet: Det var omlag 300 deltakarar. Kulturinnslag. På scena var professor Ingrid Lund + ungdomspanelet med representantar frå MOT, Salto og Lindås ungdomsråd. Førelising om mobbing med innspel/dialog med ungdomane og frå salen.

Gjeldande definisjon: Mobbing vert definert som aggressiv åtferd som vert gjentatt over tid og er karakterisert ved eit ujamnt styrkeforhold. Det er vanleg å seie at det er mobbing når plaginga skjer kvar veke eller oftare, men for den som vert ramma, kan også plaging som skjer sjeldnare enn éin gong i veka, vere ei vesentleg belastning. Ingrid Lund arbeidar for ein ny definisjon: *Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning.* (Lund, Helgeland, Kovac, 2017 (in press))

Førelsinga handla om *haldningar – kunnskap – handlingar* og utfordra oss alle; elevar, foreldre og tilsette.

Ungdomane i panelet gav mellom anna uttrykk for at det er ynskje om like reglar for bruk av mobiltelefon i Lindås kommune. Ingrid Lund støtta dette. Kristin Moe orienterte om at KFU har fokus på dette temaet. Ingrid Lund gav uttrykk for at ho var imponert over måten Lindås kommune set temaet på dagsorden og trekkjer ungdomane med i prosessen.

Aktuelle lenker:

<https://utdanningsforskning.no/kilderpersoner/personerforfattere/ingrid-lund/>
<https://www.barnevakten.no/vil-ha-ny-definisjon-av-mobbing/>

KFU drøfta saka.

Vidare arbeid:

Kommunalt FAU ynskjer temaet *Nettvett og sosiale medier* på neste temamøte. Aktuelle innleiarar: Politi (konsekvensar) i samarbeid med Helsesista (direkte og unik måte å kommunisere med ungdomane på – vil vere trekkplaster for ungdomane.)

Kommunalt foreldreutval kan stille med representant(ar) til deltaking på planleggingsmøte i samarbeid med ungdomane og administrasjonen.

Sak 25/18 Eventuelt

Møteplan hausten 2018

- 04.09.18: Møte (Leiar melde etter møteslutt behov for eit møte før årsmøtet)
- 11.09.18: Årsmøte med val
- 09.10.18: Møte – konstituering
- 20.11.18: Møte

Benedikte Rikstad

Dina Dyrhovden

Leiar, Lindås KFU

skrivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kristin Moe

Mona Hagewick

Ragna Midtbø